



Lerøy Vest AS

Dato: 24.11.2015  
Vår ref.: 2015/6194-21  
Sakshandsamar: Endre Korsøen  
Telefon: 917 64 632

## H-L-5 Lerøy Vest AS org. nr. 886 813 082 - Løyve til å etablere anlegg for oppdrett av settefisk av laks og aure på lokalitet 13653 Bjørsvik i Lindås kommune

Vi syner til Dykkar søknad datert 17.06.2015.

### Vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev med dette Lerøy Vest AS, org. nr. 886813082, akvakulturløyve med reg. nr. H-L-5 løyve til å etablere settefiskanlegg for oppdrett av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeure (*Oncorhynchus mykiss*) på følgjande lokalitet i Lindås kommune i Hordaland fylke:

Nr	Lokalitet	Kommune	Kapasitet (stk)	Anleggets midtpunkt Euref89/WGS84
13653	Bjørsvik	Lindås	7,5 mill.	60° 37.923' N 5° 29.731' E

Særskilde vilkår som er ein føresetnad for dette vedtaket:

- Settefisk av laks, aure og regnbogeure skal ikkje ha ei individvekt som overstiger 250 gram, jf. akvakulturdriftsforskrifta § 55.
- Husdalvatnet skal nyttast som vasskjelde. Uttak av vatn må skje i samsvar med vilkår gjeve av NVE i vedtak av 18.05.2015.
- Utsleppsløyve frå Fylkesmannen i Hordaland gjeld for produksjon av sjøklar settefisk av laks og aure med maksimalt årleg fôrforbruk på 1100 tonn og maksimal samla biomasse på inntil 1100 tonn.
- Mattilsynet Region Sør og Vest har gjeve løyve til å utvide produksjonen til inntil 7,5 millionar sjøklar settefisk.

Dette løyvet erstattar tidlegare lokalitetsklarering for 13653 Bjørsvik av 29.03.2007.

### Lovheimel

Løyvet er gjeve av Hordaland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse for akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskrifta). Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, forureiningslova, havne- og farvannslova og vassressurslova.

## Grunngjeving

Lerøy Vest AS søker om å utvide anlegg for oppdrett av settefisk for laks og aure frå 2,5 mill. til 7,5 mill. stykk sjøklar settefisk på lokalitet 13653 Bjørsvik i Lindås kommune.

## Om søknaden

Den omsøkte utvidinga vil skje i nytt anlegg i samsvar med godkjent reguleringsplan som inneberer fylling i sjø og bygging av ny og større kai for å få plass til det utvida anlegget. Produksjonen vil bestå av 1,875 millionar 160 – 220 grams tidleg haustsmolt av aure for levering i veke 37 – 42 (september og oktober), 1,875 millionar 90 – 125 grams sein haustsmolt av aure for levering i veke 43 – 47 (oktober og november), 1,875 millionar 135 – 250 grams vintersmolt av aure for levering i veke 6 – 15 (februar – april) og 1,875 millionar 105 – 140 grams vårs smolt av aure for levering i veke 16 – 25 (april – juni), til saman 1094 tonn levert fisk. Med ein biologisk førfaktor på rundt 1,2 og fråsoring av den minste fisken undervegs, vil det til denne produksjonen bli brukt opp til 1375 tonn fôr årleg.

Anlegget hentar vatn frå Husdalsvatnet (51 moh) som har eit 12,1 km<sup>2</sup> stort nedbørfelt. Anlegget har vassdragskonsesjon frå NVE av 18. mai 2015 for regulering av Husdalsvatnet med 4 meter (HRV 51,0 m, LRV 47,0 m) og uttak av vatn. Vassuttaket skal avgrensast til maksimalt 1 m<sup>3</sup>/s og skal ikkje overstige 0,67 m<sup>3</sup>/s i gjennomsnittleg uttak over året. Det er krav om at reguleringsgrensene skal markerast med faste og tydelege vasstandsmerke. Det skal installerast vassmålar, og vassuttaket skal loggførast kontinuerleg.

Ein føresetnad for denne søknaden er at uttaket av ferskvatn skal skje innanfor vilkåra i gjeldande NVE konsesjon. Det vert difor ikkje søkt om nokon endringar av desse vilkåra for uttak av vann, og ein legg opp til eit forbruk av ferskvatn som tilfredsstillir dette.

Avløpsvatnet frå anlegget vert i dag sleppt ureinsa ut på omtrent 37 m djup i ytre del av Bjørsvik i Osterfjorden. Gransking frå 2009 viste at det er middels gode strøm- og vassutskiftingsforhold i sjøområdet utanfor utsleppet. Dette vil sikre ei god spreining av organisk materiale frå anlegget, og med oksygenrike vassmasser året rundt kan ein forvente effektiv og god omsetning av organisk materiale frå avløpet sitt nærrområde og utover i resipienten. MOM B-gransking frå 2009 og 2015 viste også gode miljøforhold utanfor avløpet tilsvarande miljøtilstand 1= "meget god".

Ei utviding ved anlegget vil gje samfunnsmessige positive ringverknader, både ved trygging av arbeidsplassane, men særleg ved å sikre lokal smolt til Lerøy Vest AS sine anlegg i området. Anlegget vil også gje miljømessige positive ringverknader ved at det vert nytta best tilgjengelig teknologi og vil såleis bli sær s rømmingssikkert.

## Offentleg utlysing

Søknaden vart kunngjort etter retningslinene og har lege ute til offentlig innsyn i Lindås kommune. Det kom inn til saman 6 merknader til søknaden frå Gudmund Husdal, Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA, Bjørsvik Bygdelag, Bjarne Magnar Trefall/Anne Lise Fjelde Skjelvik, Gaute Husdal/Turid Husdal Haugsvær, Thomas Pihl og Norges Miljøvernforbund, i høyringsperioden.

Grunneigarar med interesser i Husdalsvatnet, har peika på at det pågår ei rettsleg tvist mellom grunneigarane og Norwegian Preserving Co AS knytt til uttak av vatn, og peiker på at reguleringa av vatnet i store delar av året er over avtalt høgd. Det vert peika på at reguleringsluka i demningen er støypt igjen og og ny målestav for vasstand er montert, og at dette er gjort utan samtykke frå grunneigarane. Det vert opplyst om at den høge vasstanden øydelegg for transport av tømmer og ved, og at opplagsplassar, tilkomst til naustetomter, gamle stiar langs vatnet, lagringsplassar og gamle slåtteteigar vert overfløymde. Vidare vert det opplyst at naust og høyløe vert skada av isen om vinteren, grunna høgare vasstand. Det vert vidare vist til at ulike tiltak, som eksempelvis etablering av oljelenser i innløpet på kanalen i Husdalsvatnet, ikkje er avtalt med grunneigarane og at desse avtalane må vere på plass før det vert gjeve løyve etter akvakulturlova. Tilhøvet til vedlikehald av veg frå Bjørsvik opp til Husdalen vert også problematisert i merknadane.

Vidare har både bygdelaget i Bjørsvik og fleire av merknadshavarane peika på at ei tredobling av produksjonen ved anlegget vil føre til betydeleg meir utslepp frå anlegget og at ein må innføre reinsetiltak ved anlegget for å avgrense desse utsleppa. Utsleppa vil kunne gå utover innbyggjarane i området sine moglegheiter til både bading, fiske og bruk av strandlina, og elles grunneigarane sine rettigheter til fiske (lakseplassar) langs strandlina. Det vert også peika på at det ikkje er gjort nokre vurderingar knytt til korleis ureinsa utslepp vil påverke villaksen og stadbunden fisk i området. Det vert peika på at det elles ikkje vil vere høve til å sleppe ut kloakk på så grunt vatn og så nær strandlina der det bur folk.

Lindås kommune har den 23.09.2015 vurdert søknaden om utviding av settefiskanlegg på lokalitet Bjørsvik i Lindås kommune, og har følgjande merknader til søknaden:

- Det bør setjast krav om reinsing av utslepp frå anlegget.
- Verknader av eit eventuelt ureinsa utslepp må vurderast opp i mot dei omsyna og krava som vert sett i regional plan for vassområde Hordaland.
- Det må gjerast eigen vurdering knytt til om eventuelle utslepp vil verte ført inn att i Bjørsvik som følgje av tidevasstraumen, og eventuelle verknader på tilhøva i Bjørsvik knytt til dette.
- Lindås kommune vil tilrå at eventuelle privatrettslege tilhøve knytt til uttak av vatn frå Husdalsvatnet er avklart før det vert gjeve løyve etter akvakulturlova, då eit eventuelt bortfall av avtale vil kunne ha verknader for drifta ved anlegget.
- Lindås kommune vil tilrå at ein vurderer om konsesjonen for uttak av vatn frå NVE også gjeld for produksjon av 7,5 millionar fisk før ein gjev løyve til utviding.

NVE har 18.05.2015 gjeve Lerøy Vest AS løyve etter vassressurslova til uttak av vatn og regulering av Husdalsvatnet med tilhøyrande vilkår. Det vert gitt løyve til regulering av Husdalsvatnet med ei regulering på inntil fire meter mellom HRV på kote 51,0 og LRV på kote 47,0. Dette gir ein magasinkapasitet på kring 4,42 mill. m<sup>3</sup>. Reguleringsgrensene skal markerast med faste og tydelege vasstandsmerke som det offentlege skal godkjenne. Vassuttaket skal avgrensast til maksimalt 1 m<sup>3</sup>/s og skal ikkje overstige 0,67 m<sup>3</sup>/s i gjennomsnittleg uttak over året. Det skal installerast vassmåler og vassuttaket skal loggføres kontinuerleg.

Søknaden er handsama av Kystverket Vest 24.08.2015. Det går fram av søknaden at det ikkje er søkt om tiltak i sjø. Det ligg allereie ein utslippsleidning, som går frå anlegget og ned til 37 meter djup. Kystverket forstår det slik at denne skal nyttas. Denne er nok omsøkt tidlegare, då med Bergen og Omland Havnevesen som hamnemynde, og løyvet må derfor føreligge derfrå. Kystverket har såleis ingen merknader til søknaden.

Søknaden er handsama av Mattilsynet Region Sør og Vest 08.09.2015. I medhald av § 5, jf § 7 i Forskrift av 17.06.2008 nr. 823 om etablering og utviding av akvakulturanlegg, zoobutikkar m.m., gjev Mattilsynet Region Sør og Vest løyve til å utvide produksjonen på lokalitet 13653 Bjørsvik til inntil 7,5 mill. sjøklar settefisk av laks og aure. Vilkår:

1. Det må gjennomførast systematiske registreringar av helsetilstand og overleving for kvar fiskegruppe frå rogninnlegg til utsett i sjø, jfr reglane om biologisk forsvarlig drift i § 5, akvakulturdriftsforskrifta.
2. Dokumentasjon av gjennomføring av punkt 1 må oppbevarast i anlegget sitt IK-akvasystem og kunne leggst fram ved inspeksjon av Mattilsynet.
3. Løyve vert gjeve på vilkår av at verksemda oppdaterer beredskapsplanen i samsvar med utvidinga av produksjonen før fisk blir sett inn i anlegget. Videre må denne mellom anna skildre tiltak ved dårleg funksjon og redusert/manglande vasstilførsel til anlegget, jfr. § 7 om beredskapsplan i akvakulturdriftsforskrifta.

Søknaden er handsama av Fiskeridirektoratet Region Vest 07.09.2015, og vurdert i høve til konsekvensar for tradisjonell fiskeriverksemd. Fiskeridirektoratet Region Vest kan ikkje sjå at søknad om utvida produksjon ved Lerøy Vest AS sitt settefiskanlegg i Bjørsvik kjem i konflikt med utøving av fiske.

Søknaden er handsama av Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga 17.11.2015. Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

Med heimel i forureiningslova frå 13.03.1981 nr. 6, § 11 og 16 har Fylkesmannen i Hordaland gjeve Lerøy Vest AS løyve til utslipp til luft og vatn for produksjon av sjøklar settefisk av laks og aure med maksimalt årleg fôrforbruk på 1100 tonn og maksimal samla biomasse på inntil 1100 tonn på lokaliteten Bjørsvik i Lindås kommune.

Fylkesmannen har vurdert risiko for ulemper ved tiltaket for ytre miljø som akseptable i høve til fordelane tiltaket gir i form av arbeidsplassar og matproduksjon. Det er sett krav om reinsing av avløpsvatnet, krav om dokumentasjon av reinseeffekt og miljøgransking ved utslippspunktet. Fiskeslam frå reinseanlegget skal leverast godkjend mottak og det skal handterast slik at det ikkje genererer luktproblem for naboar.

Verksemda skal undersøkje miljøtilstanden ved utslippspunktet med ei enkel miljøgransking minst kvart femte år for å dokumentere eventuell oppsamling av organisk materiale ved utslippspunktet og eventuell utbreiing av dette. Verksemda kan bli pålagt å utføre meir omfattande overvaking, eller delta i dei undersøkingane som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartlegge forureiningseffekten anlegget har på resipienten.

Denne søknaden omfattar auke i biomasseproduksjon i eksisterande anlegg. I og med at det blir gitt pålegg om reinsing av utslippet blir utvidinga vurdert til å ha liten påverknad på vill fisk i området. Kartlagde friluftsområder (*Naturbase*) i området er i hovudsak knytte til fjellområda i Lindås og kystlina i Osterøy.

#### Hordaland fylkeskommune

Søknaden har vore utlagt til offentleg ettersyn og er handsama av Lindås kommune og relevante sektorstyresmakter. Hordaland fylkeskommune har ansvaret for å slutthandsame søknaden etter akvakulturlova og laksetildelingsforskrifta.

Generelle vilkår for klarering av lokalitet er gjeve i laksetildelingsforskrifta § 30: Lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

- a) *det er miljømessig forsvarlig;*
- b) *det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særlig vekt på*
  - 1. *søkers behov for areal til planlagt akvakultur,*
  - 2. *alternativ bruk av området til annen akvakultur,*
  - 3. *annen bruk av området, og*
  - 4. *verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.*
- c) *det er gitt tillatelser som kreves etter*
  - 1. *lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv.,*
  - 2. *lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall,*
  - 3. *lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann.*
  - 4. *lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann; og*
- d) *det ikke er i strid med*
  - 1. *vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven 14. juni 1985 nr. 77,*
  - 2. *vedtatte vernetiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,*
  - 3. *vedtatte vernetiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.*

#### Vurdering i høve til bokstav a):

Med miljømessig forsvarleg meiner ein i denne samanheng både forureining og økologiske effektar.

Påverknad på omgjevnaden gjennom støy og utslipp til luft og vatn er også vurdert av Fylkesmannen i Hordaland som har gjeve utslippsløyve etter forureiningslova.

I 2009 og i 2015 vart det utført MOM B-undersøkingar ved utslippspunktet som ligg på 37 meter djupne ca. 300 meter frå anlegget. Resultata av desse undersøkingane viser at miljøtilhøva utanfor avløpet er gode.

Verksemda skal undersøkje miljøtilstanden ved utleppspunktet med ei enkel miljøgransking minst kvart femte år for å dokumentere eventuell oppsamling av organisk materiale ved utleppspunktet og eventuell utbreiing av dette.

Lokaliteten Bjørsvik har vassførekomsten Osterfjorden som resipient. Vassførekomsten har god økologisk tilstand. Osterfjorden er ein terskla fjord med ujamn utskifting av djupvatnet. Dette fører til at oksygenmetninga blir lågare i lengre periodar. Det er vist ein trend med synkande oksygenivå i dei terskla fjordane rundt Osterøy. Utslepp av oksygenforbrukande organisk materiale bør difor reduserast der kor det er mogleg teknisk og økonomisk.

Mattilsynet har forvaltningsansvaret for lakselus, dette inkluderer også eventuell påverknad av lakselus på vill laksefisk. Mattilsynet har vurdert søknaden og gjeve løyve til etablering.

Rømming av laks er oppfatta som ei uakseptabel hending uavhengig av lokalisering. Ei utviding av anlegg på lokaliteten må følgje gjeldane standardar og anna regelverk på dette området.

Lokaliteten kjem ikkje i konflikt med trua eller sårbare artar, viltområde eller naturtypar som har eit kjent behov for særskilt beskyttelse.

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 § 8 - 12 føljt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetildelingsforskrifta §30a. Søknaden har på vanleg måte etter reglane i akvakulturlova vore til handsaming hjå kommunen og sektorstyresmaktene, og det er ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget si påverknad på naturmangfaldet. Hordaland fylkeskommune vurderer derfor at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å fatte eit vedtak og at det omsøkte tiltaket ikkje har ein irreversibel påverknad på naturmangfaldet. Den samla belastninga på resipienten blir redusert som følgje av kravet om partikkelfjerning av utleppsvatnet.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsamast etter § 3 i forskrifta. Såkalte vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utregreiiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Lerøy Vest AS har inkludert ei enkel konsekvensvurdering, der ein tar utgangspunkt i naturmangfaldlova sine §§4-12 for vurdering av verknad på det ytre miljø. Den omsøkte utvidinga medfører ikkje naturinngrep utover bygging av eit nytt settefiskanlegg med gjenbruksteknologi inkludert nye og større kar på sjølve anleggsområdet, som i kommuneplanen er avsett til akvakultur. Utvidinga vil difor ikkje medføre endra verknader verken for vassdraget eller dei omkringliggjande andre brukarinteressene knytt til biologisk mangfald, friluftsliv, vassforsyning, resipientforhold eller kulturminner. Forhold knytt til fiskevelferd, smitteomsyn vil vera dekkja opp i dei beredskapsplanar anlegget har utarbeida.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Det vart heller ikkje reist krav om supplerande utgreiingar frå fagmyndigheitene for dei respektive kriterier i vedlegg III.

Vurdering i høve til bokstav b):

Søkar sitt behov for lokaliteten:

Lerøy Vest AS sitt behov for lokaliteten er tidlegare vurdert i samband med tidlegare lokalitetsklareringar. Fyrste løyve på lokaliteten vart gjeve i 1986.

Alternativ bruk av området til annan akvakultur:

Området er allereie i bruk til oppdrett av settefisk av laks og aure, og det er soleis ikkje relevant å vurdere alternativ bruk av området til annan akvakultur.

Annan bruk av området:

Lerøy Vest AS søker om auka produksjonen av settefisk innanfor eksisterande anleggsområde.

Kommunen sin uttale skal tilleggas stor vekt ved vurdering av søknaden. Den avsluttande søknadshandsaminga og interesseavveginga må imidlertid ivareta ei heilskapleg avveging mellom næringsinteressene og andre samfunnsinteresser. Lindås kommune har i sin uttale tilråd etableringa på nærmare vilkår.

Hordaland fylkeskommune har vurdert dei innkomne merknadane frå Gudmund Husdal, Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA, Bjørsvik Bygdelag, Bjarne Magnar Trefall/Anne Lise Fjelde Skjelvik, Gaute Husdal/Turid Husdal Haugsvær og Thomas Pihl, innsend i samband offentleg utlysing av søknaden.

I høve til dei innkomne merknadene er det ingen av desse som i nokon grad tek opp sjølve arealbruken eller lokaliseringa av anlegget. Utviding av produksjonen ved Lerøy Vest AS sitt anlegg i Bjørsvik er i samsvar med reguleringsplanen for området. Merknadene kan delast i to hovudkategoriar. Den eine gjeld utslepp til og forureining i Bjørsvik og Osterfjorden. Den andre gjeld tilhøve til grunneigarar og dei vilkår som ligg i konsesjonen etter vassressurslova for uttak av vatn og regulering av Husdalsvatnet.

Utslepp til Osterfjorden er ivareteken gjennom Fylkesmannen i Hordaland si handsaming etter forureiningslova. I fleire av merknadene er det kome ønskje om at settefiskanlegget burde reinse avlaupet, av omsyn til miljøkvalitet og lokalt friluftsliv. Vedtaket i Lindås kommune har punkt på at det bør setjast krav om reinsing av utsleppet frå anlegget. Dette er følgt opp i utsleppsløyvet med tilhøyrande vilkår. Fylkesmannen har regulert dei tilhøva som blir vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

Tilhøve til grunneigarar og vilkår som ligg i konsesjonen etter vassressurslova frå NVE ligg i utgangspunktet utafor dei vurderingane som fylkeskommunen skal gjere etter laksetildelingsforskrifta § 30. For å klarere lokalitet til akvakultur er det ein føresetnad at det er gjeve naudsynt løyve til uttak av vatn etter vassressurslova. Ramma for forvaltninga av vatn til settefiskanlegget er å finne i løyve frå NVE av 18.05.2015. Løyve etter vassressurslova er gjeve med fleire vilkår. Rette vedkomande i høve til oppfølging av vilkåra i løyve etter vassressurslova er NVE.

I høyringsrunda kom det fram ein del meiningar kring vassavtalen mellom Norwegian Preserving Co AS og grunneigarane. Dette er privatrettslege forhold som ligg utanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde.

Lindås kommune tilrår at ein vurderer om konsesjonen for uttak av vatn frå NVE også gjeld for produksjon av 7,5 millionar fisk før ein gjev løyve til utviding. I laksetildelingsforskrifta vert det ikkje fastsett noko særskild avgrensing av settefiskløyve. Eit settefiskløyve si avgrensing vil svara til dei skildringar, teikningar og kartbilag som løyve viser til. Kor mange sjødyktig settefisk anlegget kan produsera er mellom anna avhengig av kva avgrensingar som ligg i særlova frå Mattilsynet og Fylkesmannen, samt rettar til uttak av vatn. Lerøy Vest AS er ansvarleg for at drifta av anlegget skjer innanfor dei løyve og avtalar som til ei kvar tid gjeld.

Fiskeridirektoratet region Vest skal gje ein uttale i høve til tradisjonelle fiskeriinteresser i slike saker. Fiskeridirektoratet har i sin uttale konkludert med at den omsøkte etableringa ikkje vil få vesentlege negative konsekvensar for det tradisjonelle fisket i området.

Vernetiltak:

Det er ikkje kome fram opplysningar om andre verneinteresser som ikkje omfattar av bokstav d i søknadsprosessen.

Vurdering i høve til bokstav c):

Mattilsynet Region Sør og Vest har gjeve løyve til etablering etter sitt lowverk.

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga har gjeve utsleppsløyve etter forureiningslova.

Kystverket Vest har gjeve løyve til etableringa etter hamne- og farvannslova.

NVE har gjeve løyve etter vassressurslova.

#### Vurdering i høve til bokstav d):

Lindås kommune godkjente 11.03.2010 ein eigen reguleringsplan for dette tiltaket, som mellom anna medfører fylling i sjø og bygging av ny og større kai for å få plass til det utvida anlegget. Søknaden om utviding er soleis avklart i høve gjeldande arealbruk i området.

#### Konklusjon

Etter ei samla vurdering har Hordaland fylkeskommune gjeve dette Lerøy AS, org. nr. 886813082, akvakulturløyve med reg. nr. H-L-5 løyve til å etablere settefiskanlegg for oppdrett av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) lokalitet 13653 Bjørsvik i Lindås kommune på nærmare vilkår.

#### Generelle vilkår

Løyve vert gjeve under føresetnad av at etablering, drift og eventuelt avvikling vert gjennomført i samsvar med gjeldande lovverk, forskrifter og vilkår.

Lokalitet skal etablerast i samsvar med vedlagte kart. Dersom De ønskjer å endra anlegget i høve til dette løyvet, må det sendast søknad om dette til Hordaland fylkeskommune.

Løyve etter Akvakulturlova inneber at det er gjeve eit offentleg rettsleg løyve inkludert løyve etter matlov, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Løyvet vert gjeve utan ansvar med omsyn til nabo-, eigedoms- eller andre privatrettslege tilhøve. Dette løyvet frittek Dykk ikkje frå plikt til å innhenta naudsynt løyve etter andre lover, eller plikt til å retta Dykk etter reglar og påbod som vert gjeve med heimel i slike lover.

Løyve kan trekkjast attende eller anlegget kan verte kravd redusert dersom tilhøva skulle tilseie dette.

#### Pliktar

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter akvakulturlova. Akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter er tilgjengeleg på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).

De pliktar å gje representantar frå Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen, Kystverket og Mattilsyn tilgang til gransking av og opplysningar om anlegget.

Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle tilsette på anlegget, og også slik at løyvet kan synast til alle som har kontrollrett.

## Vedlegg

Uttale frå Fylkesmannen i Hordaland 17.11.2015, Mattilsynet DK Region Sør og Vest 08.09.2015, Kystverket Vest 24.08.2015, og NVE 18.05.2015, samt kart med godkjent plassering av anlegget og klageskjema følger vedlagt.

## Klage

Vedtaket kan påklagast. Sjå om dette i vedlagde orientering. Ei eventuell klage skal framsettast til Hordaland fylkeskommune, sjølv om klaga gjeld vedtak fatta av Fylkesmannen, Mattilsynet eller Kystverket.

I medhald av forvaltningslova sin §27b vert det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta høvet til å klaga. Ein gjer merksam på at eventuell klage ikkje fører til at iverksetjing av vedtaket vert utsett. Det er likevel høve til å søkje om at iverksetjing blir utsett til klagesaka er avgjort.

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen  
seksjonssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Kopi:

Fiskeridirektoratet Region Vest  
Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvern- og klimaavdelinga  
Mattilsynet Region Sør og Vest, avdeling Bergen og omland  
NVE  
Kystverket Vest  
Lindås kommune  
Gudmund Husdal  
Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA  
Bjørsvik Bygdelag  
Bjarne Magnar Trefall/Anne Lise Fjelde Skjelvik  
Gaute Husdal/Turid Husdal Haugsvær  
Thomas Pihl  
Norges Miljøvernforbund




# H-L-5 Lerøy Vest AS Lokalitet 13653 Bjørsvik



# Lerøy Vest AS avd. Bjørsvik

15.06.2015



**Målestokk: 1:5 000**

Hordaland fylkeskommune


Agnes Mowinckels gate 5  
PB 7900  
5020 Bergen

Tlf: 55 23 90 00  
e-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.  
Kontonr. [xxxx xx xxxxxx]

# Lerøy Vest AS avd. Bjørsvik


15.06.2015




**Målestokk: 1:5 000**

# Lerøy Vest AS avd. Bjørsvik

15.06.2015



**Målestokk: 1:1 000**



**Figur 1.** Oversikt over anlegget til Lerøy Vest AS avd. Bjørsvik, med de to inntakene i Husdalsvatnet,

<p>(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)  <b>Hordaland fylkeskommune</b>  <b>Postboks 7900</b>  <b>5020 Bergen</b></p>	<p><b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b>  (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)</p> <p>(2) Dato 24.11.2015</p>
<p>(3) Mottakar (namn og adresse)  Lerøy Vest AS</p>	<p>(4) Klageinstans  <b>Fiskeridirektoratet</b>  <b>Postboks 185 Sentrum</b>  <b>5804 Bergen</b></p>
<p><b>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</b></p> <p><b>Klagerett</b> De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p><b>Kven kan De klage til?</b> Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p><b>Klagefrist</b> Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p><b>Rett til å krevjegrunggeving</b> Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga.</p> <p><b>Innhaldet i klaga</b> De må presisere</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kva for eit vedtak De klagar på</li> <li>- årsaka til at De klagar</li> <li>- den eller dei endringar De ønskjer</li> <li>- eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga</li> </ul> <p>Klaga må underskrivast.</p> <p><b>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket</b> Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p><b>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing</b> Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p><b>Kostnadene med klagesaka</b> De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p><b>Klage til Sivilombodsmannen</b> Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
<p>Særlege opplysningar</p>	

X-0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve